



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier  
Instituttrådet

Referanse

2024/11881-STT

Dato

12.09.2024

Tid: Torsdag 12.09.24 kl. 09.15 – 11.00

Sted: Sydneplassen 12/13, seminarrom 1. etasje

Til stede: Steinar Bøyum, Hans Marius Hansteen, Vibeke Tellmann, Eivind Kolflaath, Sorin  
Bangu (vara), Rune J. Falch (vara), Kirsten Bang, Ingrid Øverland, Vivian Steinsund, Signe  
Simonsen (vara)

Forfall: Nicolay Kræmer, Julie Zahle, Gunnar Karlsen

---

## Protokoll - instituttrådsmøte 12.09.24

### I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### II Orienteringssaker

- **Den økonomiske situasjonen ved fakultetet** – orientering: Instituttleiar gjorde greie for den økonomiske situasjonen ved fakultetet. Nokre hovudpunkt:
  - Generelt er det varsla strammare økonomiske rammer for heile sektoren i åra som kjem
  - To av fakulteta ved UiB har no store økonomiske problem (SV og PS), dette kan naturlegvis påverke også vårt fakultet sin økonomi i åra som kjem
  - HF har på papiret brukbar økonomi no, men store strukturelle problem knytt til m.a. studieportefølje, fråfallsproblematikk og stadig låge studenttal vil medføre at dei økonomiske rammevilkåra blir markant svakare i dei komande åra.
  - Studentopptaket har vore svakt i tre år på rad, noko som i seg sjølv vil svekke det økonomiske grunnlaget vesentleg dei neste åra.
  - Fakultetsleiinga meiner at auka studiepoengproduksjon pr. student er blant dei viktigaste tiltaka som kan ha monaleg effekt.
  - Den opplagte konsekvensen av dette er nedbemanning i åra som kjem, fakultetsleiinga reknar med – i aller verste fall – at 30 årsverk må bort i nær framtid. Dette kan likevel bli vesentleg mindre om ein lukkast med å få fleire studentar og/eller høgare studiepoengproduksjon pr. student.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

---

Institutt for filosofi og  
førstesemesterstudier  
Telefon 55 58 23 82  
fof@hf.uib.no

Postadresse  
Postboks 7805  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Sydneplass 12-13  
Bergen

Saksbehandler  
Steinar Thunestvedt  
55582384

- **Studieportefølje prosjektet:** Instituttleiar gjorde greie for hovudpunkt i sluttrapporten frå arbeidsgruppa som har utforma forslag til ny studieportefølje for fakultetet. Nokre hovudpunkt med særleg relevans for FoF:
  - Ein planlegg innføring frå haustsemesteret 2025, men dette kan bli krevjande å få til.
  - *Akademisk skriving* blir lagt ned, og eit nytt fellesemne er foreslått oppretta - eit emne alle HF-studentane skal gjennomføre. Emnet vil fokusere på lese- og skriveugleikar, men sikkert med fokus på at dette heretter er i «den digitale tidsalderen».
  - Innføringsemnet i *Språkkunnskap* blir nedlagt, men ein ser nok for seg at det held fram i sterkt redusert form ei tid.
  - Alle studieprogramma ved HF skal no ha fellesemne (emne som kan inngå i to eller fleire fag)
  - Studentane må ta (minst) 30 studiepoeng i eit anna fag enn primærfaget.
  - Det vil bli utvikla «emnepakker» på 30 studiepoeng/3 kurs i emne som er fagleg nærliggande.
  - Bacheloroppgåva skal heretter gjennomførast i 6. semester.

- **Examen philosophicum** – statusorientering: Instituttleiar gjorde greie for den økonomiske situasjonen, særleg i lys av dei økonomiske problema som SV-fakultetet. SV-fakultetet ønskjer å endre omfang og/eller innretning på Exphil, noko som vil medføre uoverstigelege problem for budsjettmodellen ved Exphil. Det er likevel svært lite truleg at dette kan skje utan sanksjon på høgaste nivå ved UiB, noko ein vurderer som lite realistisk med den noverande leiinga.

Økonomien ved Exphil går elles bra for tida. Det ser no ut som ein vil nå målsetjinga for 2024 (- 4,5 mill. i akkumulert underskott) med god margin.

- Fakultetsstyresaker: Hans Marius Hansteen orienterte om andre saker frå fakultetsstyret sitt møte tirsdag, særleg saka om prosessen knytt til nytt bygg. Her er det no klart for politisk handsaming i Bergen kommune i løpet av hausten, etter at fylkeskommunale hinder er rydda av vegen. I påvente av nybygg vil det bli gjort ein del endringar på Sydneshaugen skole.
- Ny metodikk knytt til arbeidsmiljøundersøkingar: HR-avdelinga har utvikla nytt «malverk» for kartlegging av psykososialt arbeidsmiljø så vel som fysisk arbeidsmiljø (vernerundar)
- Gjennomføring av verdikartlegging som grunnlag for sikkerhetsarbeidet ved UiB: Universitetsleiinga varslar ei større satsing på kartlegging av «informasjonsverdiar» (bl. a. forskingsdata) frå og med i haust.
- Avvikling av UH-Sak: Det fireårige samarbeidsprosjektet mellom universiteta i Norge for å utvikle eit tidsmessig arkiv- og sakshandsamingssystem for UH-sektoren er no lagt dødt. UiB vil inntil vidare nytte seg av ein oppgradert versjon av «Elements» til ny løysing er på plass.

### **III Vedtakssaker**

2024-13 Revisjon av doktorgradsforskriftene - høyring

#### **Vedtak:**

*Instituttleiar og forskingskoordinator får fullmakt til å utforme høyringsuttale med grunnlag i instituttrådet si drøfting av saka.*

Steinar Thunestvedt  
administrasjonssjef